

2015

# TEIEPLIKT

Litt informasjon om kva teieplikt inneber



## Teieplikt

Du underskriv ei erklæring om teieplikt når du blir støttekontakt. Det betyr at du i utgangspunktet ikkje skal røpa at du er støttekontakt, eller røpa noko om den du er støttekontakt for til andre. Han eller ho det gjeld, kan ofte sjølv seia korleis dette kan fungere i praksis, til dømes korleis de skal presentera dykk når de møter andre menneske i ulike samanhengar.

Av og til vil dei pårørande eller rettleiaren din gi råd om kva ved den andre som det kan snakkast om. Når de er saman med andre, kan det vera vanskeleg å vite kva du kan seia om den du er støttekontakt for.

Dersom det er naturleg og personen du er støttekontakt for, gjev samtykke til at du kan fortelje om sider ved han eller ho, opphevar dette delar av teieplikta. Støttekontakten må ta opp med den det gjeld eller med rettleiaren korleis dette kan løysast.

Fleire lovverk omtalar teieplikt. Teieplikta gjeld for ein kvar som utfører teneste eller arbeid for offentlige etatar, til dømes i sosialtenesta eller barneverntenesta.

Her er ein del aktuelle utdrag frå Forvaltningslova § 13 8

### § 13.

Enhver som utfører tjeneste eller arbeid for et forvaltningsorgan, plikter å hindre at andre får adgang eller kjennskap til det han i forbindelse med tjenesten eller arbeidet får vite om noen personlige forhold. Overtredelse straffes etter straffeloven § 121.

Som personlige forhold regnes ikke fødested, fødselsdato og personnummer, statsborgerforhold, sivilstand, yrke, bopel og arbeidssted, med mindre slike opplysninger røper et klientforhold eller andre forhold som må anses som personlige.

Taushetsplikten gjelder også etter at vedkommende har avsluttet tjenesten eller arbeidet. Han kan heller ikke utnytte opplysninger som nevnt i denne paragraf i egen virksomhet eller i tjeneste eller arbeid for andre.

Taushetsplikt etter § 13 er ikke til hinder for: at opplysninger gjøres kjent for dem som de direkte gjelder, eller for andre i den utstrekning de som har krav på taushet samtykker,

at opplysningene brukes når behovet for beskyttelse må anses varetatt ved at de gis i statistisk form eller ved at individualiserende kjennetegn utelates på annen måte,

og at opplysningene brukes når ingen berettiget interesse tilsier at de holdes hemmelig, f.eks. når de er alminnelig kjent eller alminnelig tilgjengelig andre steder.

at opplysningene brukes for å oppnå det formål de er gitt eller innhentet for, bl.a. kan brukes i forbindelse med saksforberedelse, avgjørelse, gjennomføring av avgjørelsen, oppfølging og kontroll, at opplysningene er tilgjengelig for andre tjenestemenn innen organet eller etaten i den utstrekning som trengs for en hensiktsmessig arbeids- og arkivordning, bl.a. til bruk ved vegledning i andre saker.

Tieplikta kan bli oppheva dersom ein person samtykkjer. Samtykke er òg omtala i ulike lovverk, mellom anna personopplysningslova.

#### Utdrag frå Personopplysningslova § 2

Samtykke er en frivillig, uttrykkelig og informert erklæring fra den registrerte om at han eller hun godtar behandling av opplysninger om seg selv.

Sensitive personopplysninger er opplysninger om

- a) rasemessig eller etnisk bakgrunn, eller politisk, filosofisk eller religiøs oppfatning,
- b) at en person har vært mistenkt, siktet, tiltalt eller dømt for en straffbar handling,
- c) helseforhold,
- d) seksuelle forhold,
- e) medlemskap i fagforeninger.

Den som samtykkjer må forstå konsekvensane av samtykket. Når samtykke vert innhenta, må den det gjeld få informasjon slik at han eller ho forstår kva samtykket inneber og kva opplysningane skal brukast til. Den det gjeld skal ikkje føla seg pressa til å gje slikt samtykke. Lovpålagt opplysningsplikt vert ikkje sett som press.

Det er ein fordel, men ikkje eit krav at samtykket må vera skriftleg. Munnleg, stilleiande og underforstått samtykke er òg gyldig. Generelt bør ein likevel vere varsam med å godta stilleiande og underforstått samtykke, særleg viss den det gjeld har kommunikasjonsvanskar.

## Opplysningsplikt til barneverntenesta

På same måte som andre offentlege tilsette, vil du som støttekontakt ha plikt til å melde frå dersom du har grunn til å tru at mishandling eller alvorleg omsorgssvikt finn stad. Denne plikta vert mellom anna omtala i Helsepersonellova § 33:

Opplysningsplikten inntreer når det er grunn til å tru at et barn blir mishandlet eller utsatt for andre former for alvorlig omsorgssvikt - herunder kjønnslemlestelse.

Opplysningsplikten går foran lovbestemt taushetsplikt.

Opplysningsplikten er hjemlet i barnevernloven § 6-4

Personell som arbeider innenfor rammen av denne loven, skal i sitt arbeid være oppmerksomme på forhold som kan føre til tiltak fra barneverntjenestens side. Uten hinder av taushetsplikt skal personellet av eget tiltak gi opplysninger til barneverntjenesten når det er grunn til å tro at et barn blir mishandlet i hjemmet eller det foreligger andre former for alvorlig omsorgssvikt, jfr. Lov om barneverntjenester, eller når et barn har vist vedvarende alvorlige atferdsvansker, jfr. samme lov. Også etter pålegg fra de organer som er ansvarlige for gjennomføringen av lov om barneverntjenester, plikter personellet å gi slike opplysninger.

